

Møtprotokoll

UTVAL FOR PLAN OG BYGGESAK

Møtedato: 16.11.2010

Møtetid: Kl. 15.00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.: 109/10 - 113/10

Følgjande medl. møte	Parti	Følgjande varamedl. møte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Olav Njåstad	Frp
Jostein Blænes	”	Ingunn B Vik	H
Renate M Klepsvik	”		
Julie Solbakken	H		
Edvard J Stangeland	Sp		
Jane Stangeland	Ap		
Christian Halstensen	Krf		

Forfall meldt frå følgj. medl:	Parti	
Kjetil Østervold	Frp	
Kurt Frank	H	

Møteleiar:	Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Leiar Osk Lars Erling Horgen, rådmann Rolf Nøstdal og Norunn Storebø møte som sekretær
Merknader:	Ingen
Innkalling:	Ingen
Diverse:	

Underskrifter:

Helge Andre Njåstad

Jostein Blænes

Renate M Klepsvik

Julie Solbakken

Edvard J Stangeland

Jane Stangeland

Christian Halstensen

Olav Njåstad

Ingunn B Vik

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
109/10	Gnr. 41 bnr. 0044 Hufthammer. Søknad om bruksendring av 1. etasje i bygning i tilknytning til oppdrettsnæringa.
110/10	Godkjenning av møtebok frå Utval for plan og byggesak 19.10.2010
111/10	Referatsaker
112/10	Del av gnr. 5 og 6, Kalvenes/Veivåg. Søknad om reguleringsendring
113/10	Gnr. 11 bnr. 0002 Djupevåg. Manglande byggesøknad oppføring av tilbygg til eksisterande næringsbygg

109/10: Godkjenning av møtebok frå Utval for plan og byggesak 19.10.2010

Vedtak:

Møteboka frå møte 19.10.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

110/10: Referatsaker

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

111/10: Del av gnr. 5 og 6, Kalvenes/Veivåg. Søknad om reguleringsendring

Vedtak: Samrøystes.

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 12-14 og 12- 10, at framlegg til reguleringsendring for del av gnr. 5 og 6, Kalvenes/Veivåg, vert lagt til offentleg ettersyn og sendt på høyring.

Reguleringsføresegner og plankart har revideringsdato 02.07.10.

112/10: Gnr. 11 bnr. 0002 Djupevåg. Manglande byggesøknad oppføring av tilbygg til eksisterande næringsbygg

Vedtak: Samrøystes.

Det faste utval for plan og byggesaker har vurdert tilbygget til det eksisterande næringsbygget som er oppført utan at det er godkjent løyve på gnr 11 bnr 2 Djupevåg.

Det faste utval for plan og byggesaker vil opne opp for at tiltakshavar på gnr 11 bnr 2 Djupevåg, skal få senda inn naudsynte søknader slik at ein då kan få ein grundig vurdering på om det er mogleg å få tilbygget godkjent.

Slik planutvalet ser saka er det mogleg å søka om:

- Dispensasjon frå nabogrensa og krav til reguleringsplan i område.
- Eller det kan lagst reguleringsplan for område.

Grunngeving for det faste utval for plan og byggesaker si vurdering:

Det faste utvalet for plan og byggesak meiner at ein på denne måten vil få ein heilskaplig vurdering på om det er mogleg å få bygget lovleg.

Dersom det ikkje er mogleg å få bygget godkjent vil det faste utvale for plan og byggesaker vurderer saka på nytt.

113/10: Gnr. 41 bnr. 0044 Hufthammer. Søknad om bruksendring av 1. etasje i bygning i tilknytning til oppdrettsnæringa.

Handsaming i møtet:

Forslag frå Frp v/Helge Andre Njåstad

Det var røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Helge A Njåstad:
Framlegget vart samrøystes vedteke.

Utval for plan og byggesak ser på saka som ei prinsipiell tolkningsak av reguleringsplan og føresegner frå 1982. Det er ei heilt enkelt såtande sk då det ikkje finnes fleire reguleringsplanar frå 80-talet med slik arealplanlegging med føresegner. Saka får difor ingen prinsipiell betydning utover denne enkelt saka.

Utvalet vil spesielt leggje vekt på to tilhøve i saka. Det er administrasjonen sin tolkning av 2.etg ved tidlegare byggesaker og føresegnene som slår fast at bygget på areal avsett til akvakultur ikkje skal skilje seg ut frå hyttene i form, farge og storleik.

Utval for plan og byggesak tolkar føresegnene slik at den innsendte teikninga er innanfor det som må tillatast. Rådmannen vert beden om å handsame byggesøknaden med den tolkningen til grunn.

Vedtak:

Utval for plan og byggesak ser på saka som ei prinsipiell tolkningsak av reguleringsplan og føresegner frå 1982. Det er ei heilt enkelt såtande sk då det ikkje finnes fleire reguleringsplanar frå 80-talet med slik arealplanlegging med føresegner. Saka får difor ingen prinsipiell betydning utover denne enkelt saka.

Utvalet vil spesielt leggje vekt på to tilhøve i saka. Det er administrasjonen sin tolkning av 2.etg ved tidlegare byggesaker og føresegnene som slår fast at bygget på areal avsett til akvakultur ikkje skal skilje seg ut frå hyttene i form, farge og storleik.

Utval for plan og byggesak tolkar føresegnene slik at den innsendte teikninga er innanfor det som må tillatast. Rådmannen vert beden om å handsame byggesøknaden med den tolkningen til grunn.

Rett utskrift

Norunn Storebø

